

# Kyrkjekonsert med engelskmenn



*Dei erfarne engelske musikarane John Hudson (til venstre) og Tim Rishton skal spele i Stranda kyrkje i morgon..*

**Tim Rishton og John Hudson skal halde konsert i Stranda kyrkje i morgon. Musikarane er høgt respekterte både i England og Norge.**

Av Kyrre Styve

Dei to engelskmennene vil framføre eit program for orgel, trompet og kornett. Begge har erfaring frå konsertturnéar i Norge, og Tim Rishton arbeider no som organist i Grytten prestegjeld.

Rishton, som spelar orgel, har studert musikk ved universitet i Wien og i Wales, og har doktorgrad i kyrkjemusikk frå 1700-talet. Han hardelteke fleire gonger i radio og fjernsyn, mellom anna i NRK og

BBC. Tim Rishton har gitt ut fleire plater. Han arbeider no med ein ny CD med norsk orgelmusikk, med fleire songar skrivne av Henning Sommerro og Hans-Olav Lien.

## – God blanding

John Hudson spelar trompet og kornett. Han har vore lektor i kornettspel ved Royal Northern College of Music i Manchester, og er kanskje den mest kjente kornettsolisten i England.

– Konserten blir ei god blanding med vekt på trompetmusikk. Vi har prøvd repertoaret i fleire samanhengar, og det har vist seg å vere svært publikumsvenleg. Eg var på Stranda for om lag fem år sidan, og har og halde konsertar i Sunnylv-en, seier Tim Rishton til Sunnmøringen.